



-Det måtte bli somarfuglar..

- Eg tør ikkje kalla meg kunstnar, men eg driv og malar og førebels er det til saman blitt rundt 400 bilete.

Det seier Marit Elisebet Totland, som har utstilling på Rød under museumsdagen søndag ettermiddag og som også er 30-årsjubileum for bygdetunet. Marit Elisebet kjenner vi mest som politiker for Kristeleg Folkeparti, ho har vore både ordførar i Bømlo og statssekretær og er no medlem av kommunestyret.

Marit Elisebet fortel at i 2006 var helsa slik at det einaste ho kunne halda i handa over litt tid var ein pensel. Då starta ho og mala, noko ho



aldri hadde gjort før. Ho starta med oljemaling, men har også brukt akryl det siste året.

- Kvar hentar du motiva frå?

- Frå dei stadane eg kjenner best. Difor er det blitt endel motiv frå Skudesneshavn og Kvinnherad. I vinter hadde eg ei pingvinutstilling som eg kalla Livet under sørlyset, ingen dans på roser. Og i samband med 1814-jubileet malte eg Kvinner i arbeid.

- Korleis vart det utstilling i Uskedalen?

- Kristian Bringedal utfordra meg til å ta med bilete med kristne motiv til til Rødtunet. Då måtte det bli somarfuglar. Somarfuglen er eit symbol på oppstoda, eit symbol som etter mi meining er altfor lite brukt, Ei åme tullar seg inn som ei puppe og ser heilt livlaus ut før ho sprengjer seg ut av skalet som ein somarfugl. Så har eg også kalla den vesle utstillinga mi Der det nye livet lever.

- Så har du eit eige galleri??

- I kjellaren her i Eplehagen 48 på Valen har eg Galleri Nauthydlaren. Der sit eg og malar og der er folk velkomne til å stikka innom. For tida heng det 70 bilete der. Mange bilete heng også på den digitale utstillinga <http://Gallerinauthydlaren.blogspot.com>

Det siste eg har laga er nokre bilete til ei bok eg har arbeidd med i mange år som kjem ut i haust: Garborg og Skou - forskjell på folk? Ho kjem på Commentum forlag.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

# ***Bygdetunet Rød 2014***

## ***30 år***

***Museumsdag søndag 24. aug.***

***kl. 15.00: Gudsteneste i Røykstova.  
v/ Jan Ove Totland***

***kl. 15.30: Kyrkjekaffi og kaker***

***kl. 16.00: Der det nye livet lever  
Utstilling med religiøse motiv  
v/ Marit Elisebet Totland***

***kl 16.30:***

***Viser, folketonar og klassiske perler***

- ***Einar Steinkopf - gitar***
- ***Maria Malmsten - song***

***Inngang: Vaksne kr. 100,- Born: Gratis***